

Referat frå møte i Geitegruppa i SFSG den 22.08.2014

Møtet vart halde på møterommet hjå Felleskjøpet på Skei den 22.08.2014 frå kl 1100 til 1330. Jo Risløv, Vidar Sandal og Ragnvald Søgnesand møtte. Sigurd Vikesland deltok under sak 5.

Sak 1 – Geitehelg på Skei den 22. – 23. november 2014

Det vart vedteke å arrangera ei geitehelg på Skei i Jølster den 22. – 23. november 2014. Dette vert ei vidareføring av Geitehelga som prosjektet Geit i Vekst har arrangert siste åra. Lokale og rom er bestilt hjå Skei Hotell. Ein prøver å informera om arrangementet under Geitedagane 2014. Medlemmane i Geitegruppa må setja saman eit program så snart som råd.

Sak 2 – Marknadssituasjonen for geitemjølksprodukt

Vidar Sandal la fram nokre spørsmål og argument som han ville stilla konsernsjefen i Tine SA under Geitedagane litt seinare på dagen. Ut over det var det semje om å sjå kva signal som kom frå konsernsjefen under innlegget hennar på Geitedagane.

Sak 3 – Salsfremjande tiltak for produkt av geit

Gruppa var samstemt i at Tine SA på ta unna det store volumet av geitemjølk, og at forholdstalet på mjølkekvotane må aukast opp att. Dette kan Tine SA gjera ved å marknadsføra den nye milde smaken som geitemjølk og geitemjølksprodukt har fått no etter sanering og godt avlsarbeid dei siste åra. Ein må freista å endra forbrukarane sitt syn på geitemjølk og geitost frå noko negativt til noko positivt.

Elles kom det framlegg om å oppretta ei internettside med oversikt over ulike produkt av geit, og kvar ein kan få tak i desse produkta. Dette er ein ide det må jobbast meir med både i forhold til innhald og kven som skal ta kostnaden med ei slik internettside.

Sak 4 – Jordbruksforhandlingane

Jo Risløv orienterte kort om årets endringar i tilskot. Målpris på mjølk og nokre tilskot gjekk litt opp, men arealtilskotet gjekk ned for dei med minst dyrka areal. Det mest positive var at tilskotet til slaktekje auka frå kr 80 til kr 300 pr slakt. I den samanheng er det viktig å avklara med Nortura kva som blir definert som kje, med tanke på kje som blir sende til slakt om hausten.

Fram mot jordbruksforhandlingane 2015 må geitegruppa koma med forslag til endringar og prioriteringar. Fylgjande punkt vart trekte fram under møtet:

- utleige av mjølkekvote bør avviklast eller avgrensast
- forbodet mot konvertering av kumjølkkvote til geitemjølkkvote må vidareførast
- definisjonen av mjølkegeit bør endrast med tanke på at mange kje/unggeiter kjem inn under definisjonen rett etter teljedato 31.12. Dette har mykje å seia for om ein får avløysartilskot og husdyrtilskot for heile eller berre 70-80% av dei geitene som mjølkar i løpet av året.
- Friskare Geit må sikrast midlar til slutføring av prosjektet
- Reduksjon i arealtilskot må kompenseras med auka beitetilskot

Geitegruppa må utarbeida eit dokument som kan nyttast under fylkesstyret sitt innspel til styret i NSG i samband med neste års jordbruksforhandlingar.

Sak 5 – Livdyrhandel med geit

Etter innspel frå Sigurd Vikesland, som sit i styret i NSG, tok geitegruppa opp kva reglar som bør gjelda for livdyrhandel / flytting av dyr. Det var semje om at geiter (hodyr) som hovudregel ikkje skal seljast/flyttast mellom besetningar, og at bukkar ikkje skal flyttast over fylkesgrensene.

Referent: Jo Risløv